

## Innkalling

---

Utval	Fjord kontrollutval
Møtestad	Kommunestyresalen, Fjord rådhus
Dato	13.02.2023
Tidspunkt	kl 10:00

---

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: [post@sksiks.no](mailto:post@sksiks.no) eller på telefon 92611735

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

### Sakliste

- PS 01/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 02/23 Orienteringar
- OS 01/23 Orientering om feil lønsutbetaling
- PS 03/23 Meldingar
- MS 01/23 Budsjettvedtak 2023 Fjord kommunestyre - kontrollarbeid.
- MS 02/23 Vedtak frå Fjord kommunestyre - oppfølging av eigarskapskontroll
- PS 04/23 Rapport etter interimrevisjon 2022 Fjord kommune
- PS 05/23 Årsmelding Fjord kontrollutval 2022
- PS 06/23 Oppdatert møteplan Fjord kontrollutval 2023

Ålesund, 06.02.2023

Jonas Falch  
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar SKS IKS

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 01/23	Fjord kontrollutval	13.02.2023

### **Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte**

#### **Vedlegg**

Møteprotokoll - Fjord kontrollutval - 15.11.2022

## Møteprotokoll

---

<b>Utval</b>	Fjord kontrollutval
<b>Møtestad</b>	Kommunestyresalen, Fjord rådhus
<b>Dato</b>	15.11.2022
<b>Tidspunkt</b>	kl 11:15 - 12:40

---

### Følgjande medlemmer møtte

Gudmund Relling

Jonas Falch

Nina Beate Grøndahl

Solveig Linge Stakkestad

Tanja Mathiesen

### Møtenotat

Frå administrasjonen møtte kommunedirektør Karl Andre Birkhol og økonomisjef Arne Krohn. Ordførar Eva Hove deltok på slutten av møte.

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA møtte Oppdragsansvarleg revisor Ronny Rishaug og Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Kurt Løvoll.

Frå sekretariatet deltok Bjørn Tømmerdal.

### Eventuelt:

Økonomisjef Arne Krohn opplyste om ei pågåande sak i administrasjonen knytt til feil lønsutbetaling. Kontrollutvalet bad om å få ei orientering om dette på neste møte.

Jonas Falch  
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar SKS IKS

## **Sakliste**

- PS 20/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 21/22 Orienteringar
- OS 03/22 Oppfølging av kommunestyrevedtak i forvaltningsrevisjon  
psykisk helse og rus - Fjord kommune
- PS 22/22 Meldingar
- MS 07/22 Informasjon om kontrollutvalskonferansar 2023 Fjord  
kontrollutval
- PS 23/22 Rapport frå eigarskapskontroll 2022 - Fjord kommune
- PS 24/22 Forenkla etterlevelseskontroll 2022 Fjord kontrollutval
- PS 25/22 Møteplan Fjord kontrollutval 2023



## **PS 20/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte**

### **Tilråding til vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

### **Fjord kontrollutval 15.11.2022**

#### **Behandling**

### **FKU - 20/22 vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

## **PS 21/22 Orienteringar**

### **Tilråding til vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

### **Fjord kontrollutval 15.11.2022**

#### **Behandling**

Kommunedirektør Karl Andre Birkhol orienterte kontrollutvalet om dei tiltaka som var satt i verk knytt til forvaltningsrevisjonen psykisk helse og rus. Dette med bakgrunn i kommunestyret si handsaming. Han fortalde om internsystemet Compilo, etablering av tverrfagleg forum, tilsetting av kommunepsykolog og oppdatering av kommunen sine heimesider og intranett.

### **FKU - 21/22 vedtak**

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

## **OS 03/22 Oppfølging av kommunestyrevedtak i forvaltningsrevisjon psykisk helse og rus - Fjord kommune**

### **Tilråding til vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa om oppfølging av forvaltningsrevisjon psykisk helse og rus til vitande.

## **Fjord kontrollutval 15.11.2022**

### **Behandling**

#### **FKU - 03/22 vedtak**

##### **Tilråding til vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa om oppfølging av forvaltningsrevisjon psykisk helse og rus til vitande.

## **PS 22/22 Meldingar**

## **MS 07/22 Informasjon om kontrollutvalskonferansar 2023 Fjord kontrollutval**

##### **Tilråding til vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

## **Fjord kontrollutval 15.11.2022**

### **Behandling**

#### **FKU - 07/22 vedtak**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

## **PS 23/22 Rapport frå eigarskapskontroll 2022 - Fjord kommune**

##### **Tilråding til vedtak:**

1. Kommunestyret tek rapporten frå eigarskapskontroll 2022 til orientering.
2. Kommunestyret merkar seg dei punkt til oppfølging og forbetring som kjem fram i rapporten.

3. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å sette seg inn i rapporten og følge opp dei forbetningspunkt som rapporten peikar på. Dette skal rapporterast tilbake til kontrollutvalet innan 1. mai 2023.
4. Rapporten bør takast med når kommunen sin eigarskapsmelding skal oppdaterast.

## **Fjord kontrollutval 15.11.2022**

### **Behandling**

#### **FKU - 23/22 vedtak**

1. Kommunestyret tek rapporten frå eigarskapskontroll 2022 til orientering.
2. Kommunestyret merkar seg dei punkt til oppfølging og forbetring som kjem fram i rapporten.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å sette seg inn i rapporten og følge opp dei forbetningspunkt som rapporten peikar på. Dette skal rapporterast tilbake til kontrollutvalet innan 1. mai 2023.
4. Rapporten bør takast med når kommunen sin eigarskapsmelding skal oppdaterast.

## **PS 24/22 Forenkla etterlevelseskontroll 2022 Fjord kontrollutval**

### **Tilråding til vedtak:**

Fjord kontrollutval tek framlagte plan for etterlevelseskontroll 2022 til vitande.

## **Fjord kontrollutval 15.11.2022**

### **Behandling**

#### **FKU - 24/22 vedtak**

Fjord kontrollutval tek framlagte plan for etterlevelseskontroll 2022 til vitande.

## **PS 25/22 Møteplan Fjord kontrollutval 2023**

### **Tilråding til vedtak:**

1. Første møte i Fjord kontrollutval i 2023 vert måndag 13. februar kl. 10.00.
2. Saka om møteplan for 2023 blir å ta opp att på fyrste møte i 2023 for å samordna datoane med kommunen sin øvrege møteplan.

## **Fjord kontrollutval 15.11.2022**

### **Behandling**

#### **FKU - 25/22 vedtak**

1. Første møte i Fjord kontrollutval i 2023 vert måndag 13. februar kl. 10.00.
2. Saka om møteplan for 2023 blir å ta opp att på fyrste møte i 2023 for å samordna datoane med kommunen sin øvrege møteplan.

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 02/23	Fjord kontrollutval	13.02.2023

## Orienteringar

### **Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

### **Underliggende saker**

01/23 Orientering om feil lønsutbetaling

## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
OS 01/23	Fjord kontrollutval	13.02.2023

### Orientering om feil lønsutbetaling

#### Sekretariatet si tilråding:

Kontollutvalet tek orienteringa til vitande.

#### Bakgrunn:

Frå møteprotokollen til Fjord kontrollutval 15. november 2022:

*Eventuelt:*

*Økonomisjef Arne Krohn opplyste om ei pågåande sak i administrasjonen knytt til feil lønsutbetaling. Kontrollutvalet bad om å få ei orientering om dette på neste møte.*

Administrasjonen har bekrefta til sekretariatet at det vil bli gitt ei slik orientering på kontrollutvalet sitt møte 13. februar 2023.

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 03/23	Fjord kontrollutval	13.02.2023

## Meldingar

### Underliggende saker

01/23	Budsjettvedtak 2023 Fjord kommunestyre - kontrollarbeid.
02/23	Vedtak frå Fjord kommunestyre - oppfølging av eigarskapskontroll

## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
MS 01/23	Fjord kontrollutval	13.02.2023

### **Budsjettvedtak 2023 Fjord kommunestyre - kontrollarbeid.**

#### **Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

#### **Bakgrunn:**

I samsvar med kommunelova § 14-3 og § 2 i Forskrift om kontroll og tilsyn vart det sendt over ei sak frå kontrollutvalet sitt møte 7. september 2022 (PS 19/22) med kontrollutvalet si budsjetttilråding til kommunestyret.

Denne tilrådinga på budsjetttramme for kontrollarbeidet var sendt frå sekretariatet til kommunedirektøren 13.09.2022 der det står:

*Tilrådinga frå kontrollutvalet skal følgje saka om årsbudsjett 2023 på ein slik måte at forslaget frå kontrollutvalet kjem klart fram for kommunestyret.  
Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med kommunestyret sitt budsjettvedtak for kontrollarbeidet, når kommunestyret har vedteke årsbudsjett 2023 for Fjord kommune.*

Vedlagt ligg svaret frå kommunedirektøren på budsjettvedtaket frå kommunestyret sitt møte 15. desember 2022.



---

**Emne:** Re: budsjettvedtak 2023 Fjord kontrollutval  
**Kopi:** Arne Krohn <Arne.Krohn@fjord.kommune.no>  
**Til:** Bjørn Tømmerdal <bjorn.tommerdal@sksiks.no>  
**Sendt:** 01.02.2023 17:51:33  
**Fra:** Karl Andre Birkhol <Karl.Andre.Birkhol@fjord.kommune.no>

Hei! Ikkje nedtrekk

Sendt fra [Outlook for iOS](#)

**Fra:** Bjørn Tømmerdal <bjorn.tommerdal@sksiks.no>  
**Sendt:** Wednesday, February 1, 2023 5:49:14 PM  
**Til:** Karl Andre Birkhol <Karl.Andre.Birkhol@fjord.kommune.no>  
**Emne:** Re: budsjettvedtak 2023 Fjord kontrollutval

hei igjen

hadde du noe svar her? trenger bare et kort svar på om det blei nedtrekk eller ikkje.

Vennleg helsing  
Bjørn Tømmerdal  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat  
www.kontrollutval.no  
Tlf 92611735

5. jan. 2023 kl. 13:44 skrev Bjørn Tømmerdal <bjorn.tommerdal@sksiks.no>:

Hei

No når Fjord kommunestyre har vedteke budsjett for 2023 er det fint om kontrollutvalet (v/sekretariatet) kan få ei skrifteleg tilbakemelding på kva som er vedteke som budsjettramme for kontrollarbeidet.

I samsvar med kommunelova § 14-3 og § 2 i Forskrift om kontroll og tilsyn vart det sendt over ei sak frå kontrollutvalet med utvalet si tilråding til kommunestyret. Viser til denne tilrådinga på budsjetttramme for kontrollarbeidet sendt frå sekretariatet til kommunedirektøren 13.09.2022 der det står:

*Tilrådinga frå kontrollutvalet skal følgje saka om årsbudsjett 2023 på ein slik måte at forslaget frå kontrollutvalet kjem klart fram for kommunestyret. Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med kommunestyret sitt budsjettvedtak for kontrollarbeidet, når kommunestyret har vedteke årsbudsjett 2023 for Fjord kommune.*

Ta kontakt om noko er uklart eller de lurar på noko. Svaret dykkar blir lagt fram som melding til kontrollutvalet på deira møte 13. februar 2023.

Takk.

Vennleg helsing

Dagleg leiar Bjørn Tømmerdal  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

[www.kontrollutval.no](http://www.kontrollutval.no)

Tlf 92611735

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 02/23	Fjord kontrollutval	13.02.2023

### **Vedtak frå Fjord kommunestyre - oppfølging av eigarskapskontroll**

#### **Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

#### **Bakgrunn:**

Vedlagt finn dykk vedtaket frå Fjord kommunestyre sitt møte 15.desember 2022 knytt til eigarskapskontroll.

Kontrollutvalsekretariatet vill følgje opp punkt 3 i vedtaket og invitere kommunedirektøren tilbake til kontrollutvalet i tråd med vedtaket.

#### **Vedlegg**

Melding om kommunestyrevedtak sak 082/22 - Rapport frå eigarskapskontroll 2022



**Fjord kommune**

Fellestenestene

Møre Og Romsdal Revisjon Sa  
Astrups gate 9

6509 Kristiansund N

Vår ref.

21/103/FE-000/BEOS/41867821

Dykkar ref.

Dato:

22.12.2022

## Melding om vedtak: Rapport frå eigarskapskontroll 2022 - Fjord kommune

**Kommunestyret - 082/22, 15.12.2022:**

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

1. Kommunestyret tek rapporten frå eigarskapskontroll 2022 til orientering.
2. Kommunestyret merkar seg dei punkt til oppfølging og forbetring som kjem fram i rapporten.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å sette seg inn i rapporten og følgje opp dei forbetringspunkt som rapporten peiker på. Dette skal rapporterast tilbake til kontrollutvalet innan 1. mai 2023.
4. Rapporten bør takast med når kommunen sin eigarskapsmelding skal oppdaterast.

Med helsing

Bente Klakken Osvik  
konsulent

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.*

Kopi til:

Arne Krohn  
Sunnmøre

Kontrollutvalsekretariat  
Iks

Postboks 7881  
Spjelkavik

6022

Ålesund

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 04/23	Fjord kontrollutval	13.02.2023

### Rapport etter interimrevisjon 2022 Fjord kommune

#### Sekretariatet si tilråding:

Fjord kontrollutval tek interimrevisjonsrapporten 2022 frå Møre og Romsdal RevisjonSA til vitande.

#### Bakgrunn:

Interimsrevisjon er den revisjonen som blir gjennomført i løpet av året for å kontrollere at dei internekontrollane fungerer som forutsett gjennomåret. I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

Revisor har eit sjølvstendig fagleg ansvar for å revidere årsrekneskapen til kommunen i samsvar med lov, føresegner og god kommunalrevisjonsskikk. Rekneskapsrevisjon omfattar kommunen sin årsrekneskap, og dessutan årsrekneskapen i eventuelle kommunale føretak. Årsrekneskapane skal reviderast før dei blir lagde fram for handsaming i kommunestyret. I tillegg til revisjon av årsrekneskapen til kommunen vil også oppgåvene til revisor omfatte ei rekkje attestasjonar, til dømes mva kompensasjonsoppgåvene til kommunen.

#### Vurdering:

I møte måndag 13. februar 2023 vil oppdragsansvarleg revisor Ronny Rishaug gje kontrollutvalet ein gjennomgang av interimsrevisjonen 2022. Presentasjonen ligg ved saka.

Målet med rapporteringa bør vere å gje kontrollutvalet tryggleik for at revisjonen går etter planen, og sikre at kontrollutvalet blir informert om viktige forhold som blir avdekte gjennom revisjonen. Dialogen mellom kontrollutvalet og revisjonen blir styrkt ved at revisor deltek på møta i kontrollutvalet.

## **Vedlegg**

Rapport frå revisor etter interimrevisjon 2022 - Fjord kommune



# INTERIMRAPPORT – ÅRSREKNESKAP 2022

FJORD KOMMUNE

ORIENTERING I KONTROLLUTVALET 13. FEBRUAR

# Tids- og kommunikasjonsplan

	apr 22	mai 22	jun 22	jul 22	aug 22	sep 22	okt 22	nov 22	des 22	jan 23	feb 23	mar 23	apr 23	mai 23
Planlegging														
Interimsrevisjon														
Årsoppgjersrevisjon														
Revisjon av årsrekneskapen														
Kommunikasjon														
Møte med kontrollutval						7		15			13			?



# Tids- og kommunikasjonsplan forts.

- **Planlegging**

- Foreløpig risikovurdering og identifisering av fokusområde
- Gjennomgang av - og legge opp tidsplan for revisjon og rapportering
- Fastsette revisjonsplan for fokusområda
- Presentasjon av revisjonsplan for administrasjonen og kontrollutval

- **Etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga**

- Vurdering av risiko- og vesentleg leggast fram for kontrollutvalet i november

- **Interimsrevisjon – frå september**

- Foreløpig analyse av kommunens rekneskap
- Møte med kommunens økonomi og regnskapsavdeling for å kartlegge samt løyse identifiserte problemstillingar
- Revisjon av nøkkelprossar inkludert møter og intervju av prosesseigarane for identifiserte fokusområde
- Test av relevante kontroller (her under generelle IT-kontroller)
- Gjennomføre andre relevante revisjonshandlingar (fokus på transaksjonsklasser)
- Møte med administrasjonen og kontrollutval, oppsummering av interimsrevisjon – møte 1. kvartal 2023

- **Årsoppgjersrevisjon**

- Ferdigstille eventuelle opne spørsmål identifisert under interimsrevisjonen
- På sjå at det ikkje føreligg endringar i kommunens intern kontroll, der kor desse er relevante for revisjonen
- Gjennomføre andre relevante revisjonshandlingar, her under avstemming av vesentlege og risikoutsette balanseposter
- Avsluttande analyse av kommunens finansielle rapportering
- Foreløpig rapportering til leiinga

- **Revisjon av årsregnskapet**

- Gjennomgang av rekneskap og noter
- Gjennomgang av årsmelding
- Rapportering til leiing og gjennomgang med sekretariatet
- Møte med kontrollutval april/mai 2023








- **Kommunikasjon**

- PBC-lister (årsoppgjer) / oversikt avtaler (interim)
- Revisjonsberetning og revisjonsrapportar
- Møter med kontrollutval
- Løypande uformell kommunikasjon eller møter ved behov

# Identifiserte risiko 2021 - Oppfølging

Identifiserte risiko 2021	Vurdering etter interim 2022
<ul style="list-style-type: none"> <li>Ferdigstilling av styringsdokument. (Økonomireglement, innkjøpsreglement og finansreglement)</li> </ul>	Økonomireglement (inkl. innkjøpsreglement) og Finansreglement vedtatt i kommunestyret 27.10.2022
<ul style="list-style-type: none"> <li>Premisser frå kommunestyret må verte klårare i budsjett og i kommentarane til årsmeldinga</li> </ul>	Tatt opp i møte med kommunedirektør og økonomiavdelinga. Rapportering på vedtekne mål følgjast opp i årsoppgjeret.
<ul style="list-style-type: none"> <li>Forbetring av rutinar knytt til avstemming av bundne fond.</li> </ul>	Årsoppgjør
<ul style="list-style-type: none"> <li>Forbetring av rutinar knytt til avstemming av ordinær meirverdiavgift</li> </ul>	Vurderast nærare i årsoppgjeret
<ul style="list-style-type: none"> <li>Avvik i innberetning av refusjonar frå NAV</li> </ul>	Ut fra mottatte opplysninger er tidligere års avvik korrigert. Følges opp i årsoppgjøret.
<ul style="list-style-type: none"> <li>Avvik mellom hovudbok og anleggsmodul</li> </ul>	Tidligere års avvik er korrigert. Pr 31 12.22 er det samsvar mellom hovedbok og anleggsmodul.
<ul style="list-style-type: none"> <li>Forbetring av rutinar for å leggje ved dokumentasjon på bilag i Visma, dette knytt til tilsegn både til og frå kommunen, knytt til bruk av fond og periodiseringsposterar</li> </ul>	Følges opp med substanskontroller i årsoppgjør.
<ul style="list-style-type: none"> <li>Feilklassifisering av kundefordringar</li> </ul>	Årsoppgjør
<ul style="list-style-type: none"> <li>Avvik på kapitalkonto</li> </ul>	Tatt under interim. Arbeid påbegynt. Vurderast i årsoppgjeret.

# Anslått risiko - styrer art/omfang

Prosesser	Foreløpig anslått risiko for vesentlig feil informasjon
Rekneskapsrapportering	 Middels
Overføringsområdet	 Låg
Lønsområdet	 Middels
Innkjøpsområdet	 Middels
Driftsmiddelområdet	 Middels
Finansområdet	 Middels
Salsområdet	 Middels

# Revisjonstilnærming - Rekneskapsrapportering

## Rekneskapsrapportering

## Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

### Risiko knytt til:

- Økonomisk handlingsrom (gjeldsgrad)
- Tertialrapportering og offisielt rekneskap
- Årsoppgjersdisponeringar/avslutning og strykingar
- Bruk av fond
- Budsjettjustering og budsjettavvik
- Generelle IT-kontroller

### Middels anslått risiko :

Kommunestyret har et ansvar for at økonomi og handlingsrom skal være forsvarleg over tid!

Alltid risiko for feil i forbindelse med framlegging av rekneskapsrapporten, flere **manuelle posteringar og lite rutinemessig arbeid**.

### Test av kontroller (interim): (Kommunens interne kontroll)

- Test av leiingskontrollar: Tertialrapportering til kommunestyret – Kan involvere einingane nærare.
- Test av generelle IT-kontroller – Ikkje møte med eSunnmøre enno, men har testa fullmakter i Visma for nyttilsette og slutta utan merknader
- Sjå til at økonomireglement vert utarbeidd for kommunen – Vedtatt 27.10.22
- Sjå til at innkjøpsreglement vert utarbeidd for kommunen – Inkl. i økonomireglement
- Sjå til at finansreglement vert utarbeidd av kommunen – Vedtatt 27.10.22
- Vurder premisser i budsjett for 2022 – Følgje opp rapportering i årsoppgjeret. Ligg inne mål på sektorane
- Oppdaterte budsjettdokument, oppdatert etter endring i kommunestyret – ikkje på plass enno



# Revisjonstilnærming - Rekneskapsrapportering

## Rekneskapsrapportering

## Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlingar

### Risiko knytt til:

- Økonomisk handlingsrom (gjeldsgrad)
- Tertialrapportering og offisielt rekneskap
- Årsoppgjersdisponeringar/avslutning og strykingar
- Bruk av fond
- Budsjettjustering og budsjettavvik
- Generelle IT-kontroller

### Substanshandlingar: **(Kontroll av fakta mot dokumentasjon) Årsoppgjeret**

- Kontroll av årsoppgjersdisponeringar
- Regnskapsoversikter hegn saman
- Avstemming av kretsløp er føretatt (Eigenkapital, arbeidskapital og anleggsmidlar/langsiktig gjeld)
- Nødvendige noteopplysningar er utarbeidt
- Budsjettkontroll
- Avsluttande analytiske kontroll
- Kontroll av årsmelding – inkl. vurdering av budsjettavvik og premissavvik

# Revisjonstilnærming - Overføringer

## Overføringsområdet

## Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester)

### Risiko knytt til:

#### Overføringsinntekter:

- Rammetilskot (drift)
- Inntekts- og formuesskatt (drift)
- Egedomsskatt (drift)
- Andre skatteinntekter (drift)
- Andre overføringer og tilskot frå staten (drift)
- Overføring og tilskot frå andre (drift)

#### Overføringsutgifter:

- Overføring og tilskot til andre (drift)

### Låg anslått risiko :

Overføringsinntekter består hovudsakeleg av overføringer frå staten som kan totalavstemmes mot ekstern dokumentasjon. Egedomsskatt kontrollerast analytisk mot årets forventning, tidlegare års rekneskap og årets budsjett. Andre overføringer kontrollerast mot dokumentasjon frå tilskuddsyter og/eller mot budsjett.

Overføringsutgifter kontrollerast i stor grad mot vedtak og/eller budsjett, samt analytisk kontroll med samanlikning mot budsjett og tidlegare år.

#### Test av kontroller (interim):

- Kontroll om tilsegn ligger ved – substanskontrollar i årsoppgjeret
- Kontroll at vedtak ligger ved – substanskontrollar i årsoppgjeret
- Rutinar er etterspurt fleire gonger, enno ikkje mottatt.

#### Substanshandlinger:

- **Totalavstemming** av rammetilskot og inntekts- og formuesskatt - Årsoppgjer
- Analytisk kontroll av egedomsskatt- årsoppgjer
- **Detaljtesting** av andre overføringsinntekter - årsoppgjer
- Analyser/detaljtestar av overføringsutgifter – Plananalyse gjennomført, ikkje endra risiko
- Særattestasjonar på enkelte tilskot → «Barnas supersommen», «Styrking og utvikling av helsestasjons- og skolehelsetjenesten» og «bredbåndsutbygging»

# Revisjonstilnærming - Lønskostnad

## Lønnsområdet

## Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

### Risiko knytt til:

- Lønskostnader (fast og variabel)
- Sosiale kostnader
- Pensjon

### Middels anslått risiko (før substans): Høgt volum/størrelse.

Fast lønn: Rutinemessige månedlege beløp.

Variabel lønn: Meir komplekst (forsystem, manuelle grunnlag etc.)

Det er i 2022 avdekket feil bruk av satsar på variabel lønn (egen orientering)

Revisjonen understrekar igjen viktigeita av lederattesterte lønningslister

### Test av kontroller/kartlegge rutinar/kontroller(interim):

- Kontroll attestasjon og tilvising av timer: under arbeid
- Kontroll attestasjon og tilvising av reiserekningar – her under manuelle reiserekningar/utgiftsrefusjonar: under arbeid
- Kontroll avstemmingar, oppfølging avvik sjukelønsrefusjon og andre refusjonar NAV: Revisjonen er orientert om at avstemmingsarbeidet er godt i gang. Totalavstemming under årsoppgjer
- Kontroll rutinar nytilsette og personale som slutte/endrar stilling: under arbeid
- Innhente/kartlegge kontroller/avstemmingsrutinar/dokumentasjon.
- **Anbefaler innføring av etterkontrollerte, signerte lønningslister**

# Revisjonstilnærming - Lønskostnad

## Lønnsområdet

## Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

### Risiko knytt til:

- Lønskostnader (fast og variabel)
- Sosiale kostnader
- Pensjon

### Substanshandlinger:

- Innhente/kartlegge dokumentasjon og avstemminger.
- Analytiske kontroller
- Kontroll ansiennitetsopprykk: ingen feil funnet på utvalte tilsette
- Kontroll av pensjonsknytning nytilsette/køyring av kontrollrapport: kontroll under arbeid
- Gjennomgang av **kontrolloppstilling** (RF 1022) og dei andre innberetningar og avstemmingar på lønnsområdet – her under feriepengar, skattetrekk, arbeidsgivaravgift og sjukepengerefusjonar
- Gjennomgang av **pensjonskostnad** med tilhøyrande balanseposter
- Krav på sjukelønsrefusjon - avstemming mellom HRM og regnskapssystem inkl vurdering av realisme av krav



# Revisjonstilnærming - Innkjøp

## Innkjøpsområde

## Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

### Risiko knytt til:

- Kjøp av varer og tenester (drift)
- Momskompensasjon
- Leverandørgjeld (bal)
- Anna kortsiktig gjeld (bal)

### Middels anslått risiko (før kontrolltesting):

Stor grad av **rutinemessige løpende transaksjoner**. Tvungen attestasjons- og tilvisingsrutine for inngående faktura. Fakturaene behandlet på mange ulike einingar med varierende forståing av kontrollrutinen.

### Test av kontroller (interim):

- Kontroll av attestasjon og tilvising – ikkje avvik

### Substanshandlinger:

- Analytiske kontroller
- Løpende **kontroll av bilag** i forbindelse med attestasjon på **mva-kompensasjonsoppgåvene**. – Ikkje avvik
- Periodisering (her under etterberegning av anslagsposter)

### Balanseposter:

- Avstemme leverandørgjeld mot reskonto, betalingskontroll av vesentlege gjeldsstar
- Kontrollere dokumentasjon for avsetning av anna kortsiktig gjeld

# Revisjonstilnærming - Investeringar

## Driftsmiddelområdet

## Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlingar

### Risiko knytt til:

- Investeringar i varige driftsmidlar (investering)
- Tilskot til andre sine investeringar (investering)
- Sal av varige driftsmidlar (investering)
- Tilskot frå andre (investering)
- Avskrivningar/motpost avskrivningar (drift)
- Bruk av lån/lovleg finansiering (investering)
- Skille mellom drift og investering

### Middels anslått risiko (før substans):

Stor grad av rutinemessige løpende transaksjonar. Tvungen attestasjons- og tilvisingsrutine for inngåande faktura. Komplisert regelverk og skjønsmessige vurderingar knytt til skilje mellom drift og investering, samt vurdering av levetid på anleggsmidlane, aukar risiko for vesentlege feil.

### Test av kontroller (interim):

- Kontroll av attestasjon og tilvising – ikkje avvik
- Kontroll rutinar rundt oversikt bygg, bruk av bygg og eventuelt endring i bruk

### Substanshandlingar:

- Oppfølging av dei største investeringsprosjekta - pr interim
- Avstemme anleggskartotek mot hovudbok
- Vurdering av levetid/avskrivningstid inkl. dekomponering
- Vurdere vesentlege tilgangar opp mot KRS 4 (skilje drift/investering - interim)
- Løpende kontroll av bilag i forbindelse med attestasjon på kompensasjonsoppgåvene

# Revisjonstilnærming - Finansområdet (res)

## Finansområdet (res)

## Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

### Risiko transaksjonsklasser:

- Renteinntekter og renteutgifter (drift)
- Avdrag på lån (drift)
- Utbytter (drift)
- Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar (drift)
- Investering i aksjar og partar (inv)
- Sal av finansielle anleggsmidlar (inv)
- Utlån av egne midlar (inv)
- Avdrag på lån (inv)
- Utdeling frå selskap (inv)

### Middels anslått risiko:

Finansområdet er samansett av mange transaksjonsklasser med ulik risikovurdering.

### Test av kontroller (interim):

- Bankavstemming – Ikkje avvik. Kommunen bør vurdere å utvide denne til fleire konti.
- Dobbelt godkjenning av betalingstransaksjonar – ikkje avvik
- Finansrapportering - gjennomført for 1. og 2. tertial.

### Substanshandlinger:

- På sjå at balanse- og resultatposter stemmer med eksterne stadfesting (bank, rente, aksjar, utbytte etc.) Vurdere verdsetting, klassifisering og avkastning.
- Kontrollere vesentlege tilgang/avgang av aksjar
- Oppfølging avvik kapitalkonto - påbegynt

# Revisjonstilnærming - Finansområdet (bal)

## Finansområdet (bal)

## Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

### Risiko balanseposter:

- Bankinnskott og kontantar
- Aksjar og partar
- Andre finansielle plasseringar
- Fond
- Kapitalkonto
- Gjeld til kredittinstitusjonar
- Anna gjeld (obligasjons- og sertifikatlån)
- Utlån
- Ubrukte lånemidlar

### Substanshandlinger (forts) Årsoppgjer:

- På sjå at gjeld og utlån er i samsvar til **eksterne stadfestingar**
- Etterberekning av **minimumsavdrag** – Vurdert interim - Ikkje avvik
- På sjå at avstemmingar av **kretsløp** heng saman (her under kapitalkonto)
- Kontrollere vesentlege bevegelsar på fondskonti
- Etterleving av finansreglementet – Nytt reglement vedtatt 27.10.22

# Revisjonstilnærming - Sal

## Salsområdet

## Angrepsvinkel: Substanshandlingar (analyser og detaljtestar)

### Risiko knytt til:

- Sals- og leigeinntekter (drift)
- Sjølvkostområde
- Kundefordringar (bal)
- Andre kortsiktige fordringar (bal)
- Ordinær meirverdiavgift

### Middels anslått risiko:

Stor grad av **rutinemessige løpande transaksjonar**. Presumpsjon tilknytt risiko for misleg framferd tilbakevisast

### Test av kontrollar (interim):


- Avstemming fakturering kommunale avgifter mot forsystem (ikkje vurdert enno)
- Fakturering – kontroll av satsar (ferdigstilles i verbruar)
- Rutinekartlegging - gjennomført

### Substanshandlingar:

- Analytisk kontroll og/eller detaljtestar – plananalyse utan økt risiko
- Bruk av reine konti - årsoppgjer

### Balanseposter:

- Aldersfordelt reskontro kundefordringar/andre kortsiktige fordringar (vurdere tapsavsetning, innbetalingskontroll, eksterne stadfestingar)
- Totalavstemming av ordinær meirverdiavgift – vurderast i årsoppgjeret



“

Vi skal bidra til økt tillit mellom innbyggerne og våre eierkommuner

”

- Møre og Romsdal Revisjon SA



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 05/23	Fjord kontrollutval	13.02.2023

### Årsmelding Fjord kontrollutval 2022

#### Sekretariatet si tilråding:

Fjord kontrollutval vedtek årsmeldinga for 2022. Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2022.

#### Bakgrunn:

Det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å utøve den løpandekontrollen med den kommunale verksemda.

Kommunestyret må sørge for at kontrollutvalet har dei ressursane som er naudsynte for å gjennomføre pålagde oppgåver, og leggje til rette for god samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal sjå til at rekneskapen til kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte, og at økonomien blir forvalta i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak. Utvalet skal også sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av interessene kommunenhar i selskap. Kontrollutvalet skal rapportere resultatata av arbeidet sitt til kommunestyret.

#### Vurdering:

Årsmeldinga til kontrollutvalet gir informasjon om kva oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2022 og dermed kva utvalet har gjort for å bidra til å nå dei overordna mål.

Utkast til årsmelding ligg ved som eige dokument. Årsmeldinga er utvalet si årsmelding og det er viktig at kontrollutvalet har eigarskap til meldinga.

Endeleg versjon vert å sende over til kommunestyret som ein rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2022.

### **Vedlegg**

Årsmelding Fjord kontrollutval 2022






# Årsmelding 2022

## Fjord kontrollutval

**Fjord kontrollutval – på vakt for fellesskapet sine verdier.**

Kommunen er den viktigaste velferdsprodusenten i samfunnet, og forvaltar viktige ressursar på vegne av innbyggjarane. Omfanget av og breidda i den kommunale tenesteproduksjonen medfører behov for utstrekkt styring og kontroll.

Kommunal eigenkontroll er den kontrollen kommunen sjølv gjennomfører i eiga verksemd. Eigenkontroll er eit viktig element i det lokale folkestyret, og skal medverke til at kommunen når dei måla som er sette, innanfor rammene av gjeldande regelverk og tildelte ressursar. Eigenkontrollen skal også medverke til å styrkje tilliten til forvaltninga gjennom førebygging og avdekking av mislege handlingar og andre uheldige tilhøve.



Illustrasjon frå Kontrollutvalsboka 2021

### Om kontrollutvalet

Kontrollutvalet er kommunestyret sin reiskap, og det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kommunestyret spelar difor ei avgjerande rolle for kva merksemd kontrollarbeidet har i kommunen. For at kontrollutvalet skal vere ein god reiskap for kommunestyret, må kommunestyret gje kontrollutvalet gode arbeidsvilkår. Og leggje til rette for god samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Fjord kontrollutval har for perioden 2020-2023 slik samansetning:

- Jonas Falch – leiar
- Solveig Linge Stakkestad – nestleiar
- Tanja Mathiesen – medlem
- Gudmund Relling – medlem
- Nina Grøndahl – medlem

## Om revisjonen

Fjord kommune nyttar Møre og Romsdal revisjon SA som revisor. Oppdragsansvarleg revisor i 2022 har vore Ronny Rishaug.

Revisor skal utføre rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og annan kontroll som er bestemt i lov eller forskrift. Til dømes skal rekneskapsrevisor gjennomføre forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, og revisor skal kontrollere grunnlaget for kommunen sitt krav om momskompensasjon. Revisor gjev og ei rekke attestasjonar og fråsegn til mellom anna ulike statlege styresmakter.

I tillegg kan revisor gjennomføre andre oppdrag etter avtale, slik som risiko- og vesentlegvurderingar i samband med utarbeiding av planar og ulike former for undersøkingar.


Oppdragsansvarleg revisor har lagt fram for kontrollutvalet dokumentasjon på sitt sjølvstende både knytt til rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

## Om sekretariatstenesta

Fjord kommune eig ein del av Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS saman med kommunane Stranda, Giske, Sula, Sykkylven og Ålesund. Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eit sekretariat som er uavhengig av kommunen sin administrasjon og av dei som utfører revisjon for kommunen.

For at kontrollutvalet skal fyller kontrollfunksjonen sin er utvalet avhengig av støtte og tenester frå sekretariat og revisor. Sekretariatet er den viktigaste hjelperen og støttespelaren til kontrollutvalet, og skal sikre at saker som blir handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde og førebudde, og at vedtak vert følgt opp. Kapasiteten til sekretariatet vart styrka i starten av 2021, då selskapet utvida frå 1,1 til 2 stillingar.

God kommunikasjon og samhandling mellom kontrollutval, sekretariat og revisor er ein føresetnad for at kontrollutvalet effektivt kan føre kontroll på vegne av kommunestyret.



## Kontrollutvalet sin aktivitet i 2022:


Fjord kontrollutval har i 2022 hatt 5 møter og behandla 25 saker. Møteprotokollar vert oversendt til kommunestyret som fortløpande rapportering. Leiar i kontrollutvalet har løfta det fram i kommunestyremøta, om der har vore noko i møteprotokollen som kontrollutvalet ville gje særskilt merksemd. Dei saker der kontrollutvalet skal gje tilråding til kommunestyret, vert oversendt kommunestyret som eiga sak utanom protokollen.

Innkalling med saksdokument vert sendt utvalet seinast ei veke før møtet. Innkalling og møteprotokoll har dette året blitt sendt til medlemmane og 1. varamedlem i utvalet samt ordførar v/politisk sekretariat, kommunedirektør og revisjon. Dei same dokumenta blir lagt ut på kontrollutvalet si heimeside [www.kontrollutval.no/Fjord](http://www.kontrollutval.no/Fjord) og er der tilgjengeleg for alle.

## Økonomi og revisjon

På vegne av kommunestyret kontrollerer utvalet om den økonomiske forvaltninga er i tråd med gjeldande reglar og vedtak. Økonomisjefen har møtt utvalet nokre gonger dette året, for å gje informasjon om status for økonomien og om korleis økonomistyringa er.

I tillegg får utvalet fortløpande informasjon frå revisor. Dette vert mellom anna utført gjennom oppsummering frå interimrevisjon. rapport frå forenkla etterlevingskontroll, informasjon om budsjettavvik, rapport etter årsoppgjersrevisjon og revisor si melding knytt til årsrekneskap og årsmelding. Revisor er som oftast til stades på kontrollutvala sine møter for å ivareta god dialog med utvalet.



Kontrollutvalet uttalte seg om kommunen sitt rekneskap for 2021. Til grunn for uttalen låg rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding frå revisor.

Kontrollutvalet tilrådde at rekneskap og årsmelding vart godkjent av kommunestyret.

## Forvaltningsrevisjon

Fjord kontrollutval gjorde i sitt møte 21. mars 2022 følgande vedtak på tilråding til kommunestyret:

1. Fjord kommunestyre tek rapporten frå forvaltningsrevisjon av psykisk helse og rus til vitande.
2. Kommunestyret tilrår at kommunedirektøren ser til at internkontroll- og kvalitetssystem raskt kjem på plass, samt skriftlege prosedyrar for dei ulike arbeidsprosessane. Systemet må gjerast godt kjent for leiarar og andre tilsette.
3. Kommunestyret bed om ei sak snarast for å politisk handsame Folkehelseoversikt Fjord kommune 2019-2023 og at det så vert utarbeidd ein plan for Helse og velferd på grunnlag av folkehelseoversikta.
4. Kommunestyret tilrår at kommunedirektøren etablerer system som tek i vare dei tilrådingane som rapporten peikar på, spesielt knytt til psykisk helseteam og deira tenester.
5. Kommunestyret bed kommunedirektøren vurderer tiltak for å styrke samhandlinga mellom dei ulike som yter tenester til innbyggjarane innan området psykisk helse/rus.
6. Kommunedirektøren bør sikre at kontaktinformasjon til aktuelle fagpersonar er lett tilgjengeleg for innbyggjarane.

Kommunestyret fatta vedtak 12.05. 2022 (sak 27/22) i tråd med tilrådinga frå kontrollutvalet.

Utvalet vil følgje opp vedtaket gjennom 2023, og vil etter kvart invitere kommunedirektøren til å gje informasjon om status på tilrådingane.

### Eigarskapskontroll

Fjord kontrollutval gjorde i sitt møte 1. juni 2020 følgande vedtak:

*Kontrollutvalet vedtek at det vert gjort ein eigarskapskontroll i Fjord kommune i tråd med vedlagte prosjektplan.*

Eigarskapskontrollen blei sendt over til kommunestyre med følgande tilråding:

1. Kommunestyret tek rapporten frå eigarskapskontroll 2022 til orientering.
2. Kommunestyret merkar seg dei punkt til oppfølging og forbetring som kjem fram i rapporten.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å sette seg inn i rapporten og følgje opp dei forbetringpunkt som rapporten peikar på. Dette skal rapporterast tilbake til kontrollutvalet innan 1. mai 2023.
4. Rapporten bør takast med når kommunen sin eigarskapsmelding skal oppdaterast.

Kommunestyre gjorde i sitt møte 15.12.2022 vedtak i tråd med tilrådinga frå Fjord kontrollutval (sak 082/22).

## Etterlevingskontroll

Formålet med ein forenkla etterlevingskontroll er at revisor innanfor ei avgrensa ressursramme skal gjennomføre ein kontroll som skal kunne førebygge feil og bidra til å sikre at kommunen følgjer sentrale føresegner og vedtak på økonomiområdet. Dette bygger oppunder god økonomiforvaltning, openheit og tillit til forvaltningspraksis. Revisjonen valde å sjå nærare på offentleg støtte og tilskot.

Kommunerevisjonen uttalte følgende forbetningspunkt etter kontrollen:

*Vår gjennomgang viser at Fjord kommune ikkje har laga ei eiga årsmelding om bruken av næringsfondet som er sendt til statsforvaltar. Kommunens årsrapport, som inneheld ei beskriving over bruken av næringsfondet, nyttas til dette føremålet og vert sendt over til Statsforvaltaren.*

*Kommunen skal etter sine eigne vedtekter lage ein eigen rapport til kommunestyret over bruken som skal sendast til statsforvaltar og fylkeskommune.*

## Andre saker

Kontrollutvalet har til nokre av møta invitert kommunedirektøren for å gje utvalet informasjon om ulike tema. I 2022 har det vore orientering om varslingsrutinane i Fjord kommune.

Det er berre kommunestyret gjennom sine vedtak som kan pålegge kontrollutvalet å gjera kontrollhandlingar. For alle andre hendingar er det opp til utvalet sjølv å vurdere og avgjere om dei vil gjere nærare undersøkingar og eventuelt sette i gang ei kontrollhandling. I dei tilfelle der det er opplagt at hendinga burde vore retta til andre instansar (som klagenemnda, Sivilombodet eller Arbeidstilsynet), gjev sekretariatet rettleiing til meldar om det.

Når kontrollutvalet mottek ei hending frå innbyggjarar eller via andre kanalar, gjer utvalet ei vurdering av innhaldet og ser på om det er av ein slik art at det bør setjast i gang ei kontrollhandling. Som ei hjelp i ei slik vurdering har kontrollutvalet hatt nytte av ein trafikkllysmoell knytt til sentrale spørsmål. (illustrasjon frå FKT/Deloitte)

Sentrale spørsmål	Ja	Delvis	Nei
• Viser saken til lovbrudd, manglende etterlevelse av kommunale rutiner eller manglende oppfølging av kommunale vedtak?			
• Viser saken til en risiko knyttet til system, rutiner, praksis i kommunen mer generelt innenfor et område?			
• Dreier saken seg i hovedsak om en personlig enkeltsak?			
• Er saken under annen behandling i et annet organ? (rettsapparat, sivilombudsmann, statsforvalter, KOFA, klageorgan i kommunen, varslingskanal)?			
• Er det annen naturlig behandlingsvei for saken (ref. organene nevnt over)?			
• Vedrører saken misnøye med et politisk fattet vedtak?			
• Kan saken, og sakens oppmerksomhet, bidra til at det stilles spørsmål om tilliten til kommunens saksbehandling av en type saker?			
• Berører saken et tema som kontrollutvalget allerede har vurdert som aktuelt for oppfølging i sin risiko- og vesentlighetsanalyse?			
• Foreligger området som et tema i plan for forvaltningsrevisjon eller plan for eierskapskontroll?			
• Kan en gjennomgang bidra til læring og forbedring?			

Det har alltid vore lagt vekt på at kontrollutvalet skal halde seg oppdatert om informasjon og fagutvikling som er aktuell for kontrollutvalet sine oppgåver. Diverre vart det i 2022 ikkje halde dei vanlege fagkonferansane for kontrollutvala grunna pandemisituasjonen, men nokre av dei vart gjennomførte som digitale tilbod.

### Takk

Fjord kontrollutval takkar kommunestyret for at dei legg til rette for gode arbeidsvilkår for utvalet. Kontrollutvalet vil gjere sitt beste for å skape eit aktivt og engasjerande kontrollarbeid, stimulere til forbetningsarbeid på systemnivå og medverke til auka openheit og demokratisk innsyn.

Valldalen 13.02.2023

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 06/23	Fjord kontrollutval	13.02.2023

### Oppdatert møteplan Fjord kontrollutval 2023

#### Sekretariatet si tilråding:

Fjord kontrollutval vedtek følgande datoer for møter i 2023:

- Måndag 17. april kl. 10.00
- Måndag 22. mai kl. 10.00
- Måndag 4. september kl. 10.00
- Måndag 13. november kl. 10.00

Møtestad er rådhuset i Valldalen.

#### Bakgrunn:

Med utgangspunkt i kommunelova §11 så er det kontrollutvalet sitt eige reglement saman med Fjord kommune sitt reglement for kommunestyre som legg grunnlaget for denne saka.

Møta i utvalet skal som hovudregel haldast for opne dører. Utvalet vedtek eigen møteplan. Møte skal elles haldast når leiaren finn det nødvendig, eller når minst 1/3 av medlemmane krev det.

Den som er valt medlem i eit folkevald organ, pliktar å delta i organet sine møter, med mindre det føreligg gyldig forfall.

Forfall må så snart situasjonen oppstår bli varsla til kontrollutvalsekretariatet slik at varamedlem kan verte kalla inn.

#### Vurdering:



Det er viktig å sørge for at kontrollutvalet har tilstrekkelig med møter, slik at kontrollutvalet kan utføre og følge opp dei oppgåver som er naudsynt for å sikre forsvarleg kontrollaktivitet.

Kontrollutvalet bør planleggje sine møter slik at det ikkje går for lang tid frå eit møte til det neste, sakene som kjem opp kan då miste sin aktualitet. Og at samanhengen med kommunestyremøta er der, slik at det ikkje er gamalt nytt som vert rapportert frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har faste oppgåver gjennom året som gjer det naturleg at kontrollutvalet har eit minimum av møter. For Fjord kontrollutval har det dei siste åra vore lagt opp til fem møter i året. Det vil alltid vere høve til å fastsette eit ekstra møte om ein tredel av medlemmane, kommunestyret eller leiar meiner det er naudsynt.